



DEN NORSKE KYRKJA
Knarvik sokn
Postboks 228, 5903 Isdalstø



Vert du 11 år i 2023? Velkommen på LysVaken!

Leir i kyrkja

- Knarvik kyrkje
- Frå laurdag 11.nov kl 15
- Til søndag 12.nov kl 13


• Info og påmelding - Sjå baksida

Helsing Nina Jenny kateket,
Eirun kyrkjelydspedagog, Tone Marit prest, med fleire.

PROGRAM LAURDAG 12. NOVEMBER


- Kl 15 **Registrering** i kyrkja, Lonsvegen 100.
Kl 15.30 **Velkommen!** Bollar
 Info om leiren, også til dei vaksne!
Kl 16 **Fellesleikar**
Kl 16.30 **Bibelsamling. Fellesaktivitet**
Ca kl 17 **Aktivitetar**
 I) Ungdomsrommet: Ishockey, bordtennis, brettspel.
 II) Petersplassen: 'Fun battle' og andre løpe-leikar.
 III) Speilsalen: Hobbyaktivitetar med klipp og lim.

- Ca kl 18 **Pizza** 
Ca kl 18.30 **Gameshow Bam-Boozle**
 Leikar og konkurransar
Ca kl 19 **Chille:** Slappe av, prate, leike
 Open snackbar: Is, kake, saft, chips.
 Evt mobiltid ungdomsrommet max 1 time.
Ca kl 20 **Kva er gudsteneste?**
 Lys Vaken-dansen
 Lage bønevandring 


- Ca kl 21 **Samling** 
Ca kl 21.30 **'Inn for landing'**
 Brødmatt for dei som er svoltne.
 Dei som skal heim, blir henta.
 Dei som skal sove i kyrkja; Sjå nedanfor!

Dersom det blir overnatting:

Aktivitetar i kyrkjekjellaren
Mobiltid ungdomsrommet maks 30 min.
Tannpuss m.m.
Kort samling før me finn ro på eigen plass.

- Kl 23 God natt!
Kl 22.30 Me går til ro. 
Ca kl 23 Sovetid!
Kl 8.30 God morgon!
 Me begynner å pakke. Aktivitetar

PROGRAM SØNDAG 13. NOVEMBER

- Kl 9.30 **Frukost og kort samling for alle!**
 Både for dei som evt har overnatta,
 og for dei som kjem heimanfrå.
Ca kl 10 Aktivitetar eller mobiltid ungdomsrommet
Kl 11 **Familiegudsteneste** forma av deltakarane
 på LysVåken. Dette blir fint! 
Kl 12 Kyrkjekaffi. **Velkommen igjen!**

Lys Vaken er knallgøy!


Me skal leike saman, le saman, snakke om trua på Jesus,
ete god mat og chille.

Meir info på side 3 og 4.

Alt er gratis!



Overnatte

Du vel sjølv om du vil overnatte eller ikkje. 

Viktig: Føresette må vere nattevakter, meir info anna ark.
Dersom ikkje føresette kan vere nattevakter, blir det bu-
heime-leir for alle.



Nina Jenny

Me gler oss:)

PÅMELDING

Snakk med ein vaksen heime, og be dei melde deg på via

www.kyrkja.no/knarvik innan søndag 5.nov.

Sjå etter bilde av logoen, og «Mine aktivitetar».

Velkommen!

Kontakt oss gjerne: Nina Jenny T. Monstad, kateket barn og unge, via nm853@kyrkja.no eller 40043749.

Info til dykk: Evt info før og undervegs i Lys Vaken blir gjeve via sms, de må oppgje mobilnummer i påmeldinga.




Meir om Lys Vaken

RESPEKT er eit viktig ord!

Det skal me snakke litt om i starten av leiren. Ein vaksen som føl borna til kyrkja må bli i kyrkja til kl 16 laurdag for felles info om leiren, sjå programmet.

Dersom det blir for vanskeleg å samarbeide for nokon, f.eks bråkar for mykje for ofte, og øydelegg for andre, risikerer den som bråkar å måtte reise heim før leiren er slutt. Minst ein vaksen må vere tilgjengeleg for å hente ved behov.

Dersom du treng tilrettelegging, er det viktig at du / ein vaksen seier ifrå. Me vil prøve å finne gode løysingar for alle!



ME TRENG NATTEVAKTAR!!!

Det er skikkeleg kjekt å overnatte i kyrkja!

Borna tar med seg madrass og sovepose. Jentene søv langs veggen ved orgelet, gutane søv langs veggen ved vindaugene, og dei vaksne er i midten av kyrkjerommet.

Leiarane på leiren kan ikkje vere nattevakter i tillegg, føresette må vere nattevaktar.

KJEMPEFINT om de melder dykk som nattevaktar!

Me treng 4 nattevaktar, **to personar kl 01-04, og to personar kl 04-07.**

Alle medarbeidarar må levere gyldig politiattest.

Politiet treng 2 veker behandlingstid, kyrkja sender deg info om korleis du søker.

Fristen for å melde seg som nattvakt er derfor allereie fredag 27.okt, gje beskjed til Nina Jenny, f.eks via sms på 4004 3749.

Dersom ikkje vaksne kan vere nattevakter, blir det bu-heime-leir for alle. Info om det blir overnatting eller ikkje under Lys Vaken, blir sendt i starten av november.



Opgåver nattevaktene: Vere vakne! -Slik at:

Borna skal kjenne seg trygge!

Vite at det er ein vaksen der dersom dei vaknar.

Kontakte leirsjefen som søv på eit anna rom i kyrkja v/behov.

Vere brannvakt og evt varsle leirsjefen.

MOBIL-HOTELL

Lys Vaken er å ha det kjekt med kvarandre, og ikkje ha oppmerksomhet på mobilen, derfor har me mobilhotell på Lys Vaken.

Eit par gongar undervegs får de likevel mulighet til litt mobiltid, sjå programmet.

Føresette kan når som helst nå deg via mobil 40043749 (Nina Jenny) dersom dei må ha kontakt med deg.

Dei vaksne på Lys Vaken sørger for at du får ringe heim dersom du ønskjer det.



FOTO

Det kan hende leiarane tar bilete undervegs på Lys Vaken, f.eks til kyrkjebladet eller facebook-sidene våre.

Dersom du/dine vaksne **ikkje** ønskjer at bilete av deg skal publiserast, må dei gje oss beskjed, helst i påmeldinga!





PRAKTISK INFO

Me begynner laurdag ettermiddag, og heldt på til søndag ca kl 12. Me ser dei to dagane i samanheng, og forventar at borna kjem begge dagar.

Dersom det blir overnatting, og du skal overnatte, ta med **liggeunderlag, sovepose, tannkost** osv.

Dersom du ikkje skal overnatte, treng du ikkje ta med deg noko spesielt.

Du treng ikkje uteklær.

Kyrkja sørger for mat og drikke, sjå programmet.

Ikkje ta med godteri! Me kjøper ikkje smågodt el. likn, men kyrkja sørger for litt is, brownies, popcorn og saft.

Skriv tydeleg evt ønsker eller behov som **kva me vaksne skal vere spesielt oppmerksomme på**, feks allergiar, medisinar, ønskjer om tilrettelegging, overnattingsrutinar, eller anna. Det vil me prøve å ta hensyn til!

Vil du at ein vaksen du kjenner skal vere med, kort eller lenge, er det ok for oss. Kom gjerne innom!

Invitér med familie, fadrar og vener på gudstenesta!



IKKJE FÅTT INVITASJON?

Me brukar kyrkjeleg medlemsregister, og dermed går det skriftleg invitasjon til dei som er døypte.

Kjenner du nokon som ikkje har fått invitasjon? Inviter ho eller han med!

Ein treng ikkje vere medlem i kyrkja for å delta på Lys Vaken. Alle kan melde seg på!

KVA ER LYS VAKEN?

Lys Vaken er leir i kyrkja. Me ønskjer at de skal få oppleva at kyrkja har rom for alle, heile døgnet, heile livet. Namnet «Lys Vaken» handlar ikkje om at me skal vere vakne heile natta, men at me skal vere vakne overfor det som skjer i oss og rundt oss, og at Gud er Lys Vaken for oss. Kyrkjelydar over heile landet inviterer til Lys Vaken.



LYS VAKEN ER OGSÅ EIN DEL AV KYRKJA SIN TRUSOPPLÆRINGSPLAN

Om trusopplæringa generelt: Invitasjonen er ein del av trusopplæringsplanen for Knarvik sokn,

og dermed knytta til kyrkjene Alversund, Knarvik, Lygra og Seim.

Trua sitt innhald har blitt overlevert frå generasjon til generasjon.

Saman med heimane ønskjer kyrkja å bidra til at barn og unge

blir kjent med den kristne trua og den kristne kulturarven vår.

Derfor har kyrkja tilbod om trusopplæring!

Våre opplegg: Kyrkjelydane inviterer barn til til kyrkja, kor me ønskjer å legge til rette for at barn og unge skal få undre seg, og utforske, relasjonen til Gud og menneske.

Me legg vekt på deltaking, feks gjennom leik, drama og eigne aktivitetar.

Alle er velkomne, enten ein går sjeldan eller ofte i kyrkja!

